

MØTEPROTOKOLL

Ungdomsrådet

Dato: 13.03.2014 kl. 16:15

Stad: Skogshorn

Arkivsak: 12/01448

Tilstades: Ingvild Haugo (leiar), Mikkel Storeskar, Ingrid Marie Sæther Halbjørhus, Anders Lirhus, Håvard Venås (Kristeleg Folkeparti), Brage Sæther Halbjørhus, Linnea Johansson Thorset, Hanne Intelhus Markegård og Hanna Juven Gjærde

**Møtande
varamedlemer:**

Forfall: Tor Erik Kvinnegard

Andre:

Protokollfører: Hilde Storeskar er sekretær for Hemsedal Ungdomsråd

SAKSKART	Side
<p style="text-align: center;">Saker til behandling:</p> <p>3/14 Godkjenning av protokoll frå møtet i ungdomsrådet 16.01.2014 Protokollen frå møtet vart godkjent.</p> <p>4/14 Kommunespelet i KS Besøksenter KS (Kommunesektorens organisasjon) har opna eit nytt besøksenter for ungdom i Kommunenes Hus. Her kan deltakarane spela Kommunespelet – eit digitalt læringsspel der ungdom er samfunnsplanleggjarar for ein dag. I kommunespelet møter deltakerane realistiske dilemmaer og må gjera krevjande prioriteringar innanfor begrensa budsjettrammer. Gjennom spelet får deltakerane innblikk i lokalpolitikk og lokaldemokratiske prosessar. KS Besøksenter organiserer gratis besøk for ungdomsråd på ettermiddag eller kveldstid ved samlingar i Oslo.</p> <p>KS søker også ungdomsråd som vil være konsulentar under utviklingen av eit nytt nettbasert rollespel. Siri Hansen er kontaktperson og leiar for KS Besøksenter.</p> <p>Denne informasjonen vart teke opp i Hemsedal ungdomsråd. Der vart det konkludert med at</p>	

det er viktig å engasjere seg lokalt før ein brukar tid og energi på slike saker.

5/14 Eventuelt

*Rina Kamilla Yamamoto, Ungdomskoordinatoren i Buskerud Fylkeskommune, sendte mail til ungdomsrådet med informasjon. Det var vedteker, oversikt over styret i BUFT og deltakere på årsmøtet. Hemsedal kommune har ikkje nokon representantar der.

Dette vart også teke opp og som i sak 4/14 er det viktig at rådet fungerer lokalt fyrst før ein engasjerer seg i større samanhengar.

*Arrangementskomiteen – UKM Hemsedal sendte søknad om sponsormidler til UKM 2014. Dei søkte om 5000,- i sponsorstøtte. Ungdomsrådet syntest at det var ein god søknad og eit godt arrangement. Det vart vedteke (alle stemte for) å støtte UKM med 5000,-. Ungdommens Kulturmønstring går av stabelen laurdag 22. mars.

*Sanden på sandvolleybanen på HBU er ikkje god å gå på. Den må bli betre. Ingrid Marie tek det opp med elevrådet på HBU.

*Det vart på nytt teke opp problematikken rundt 14.10 bussen frå Gol (sjå møteprotokoll frå førre møte 16.1.2014). Ingvild sender mail til oppvekstsjefen for å høyre korleis det går med denne saken. Dei ynskjer å få eit ja eller nei i høve dette.

* Det vart på nytt teke opp problematikken rundt manglande fotgjengarfelt mellom Rimi og T-kroken. (sjå møteprotokoll frå førre møte 16.1.2014). Hanne sender på vegne av rådet mail til arealplanleggjar Judith H. Aakre for å høyre korleis dette vert fulgt opp frå kommuna si side.

* Ingrid Marie informerte om at Hallingdal ungdomsråd jobbar med Bulyst prosjektet, dei har fått logo for Hallingdal og det er skrivi 2 års kontrakter med ulike kjente hallingar som vil vere Hallingdals ambassadører.

*Det kom opp spørsmål om det fortsatt er natteravnar ute i sentrum på kveldstid/helger. Ungdomane føler seg tryggare dersom det er vaksne, edru folk, som passar på. Mikkel sender mail til rektor på HBU, Morten Lien vedkomande dette.

*Det var dessverre ingen frå Hemsedal som hadde anledning til å møte på HUR konferansen på Torpomoen i januar, men det ryktast at det var eit bra opplegg.

*Prosjektet med Karin frå samfunnslaben vart presentert for hovudutval for livsløp. Håvard syntest det var ein bra presentasjon. Resultatet synte at Hemsedal sitt resultat på undersøkelsen ligg på landsgjennomsnittet. Rapporten vil verta brukt i ulike samanhengar.

* Hugs å levere inn møtategtgjersleskjema før 15. mars!

Hemsedal, 13.03.2014

Ingvild Haugo
Leiar av Hemsedal Ungdomsråd